



Skippar Jerzy Kostro saman med familien Fitt på Tesia. Dei er Rafal, Karysia og Krystyna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Stadig fleire polakkar kjem til Noreg, men det er ikkje så mange som kjem sjøvegen innover i fjordarmene. Men det finst unntak.**

**- Det er slett ikkje dyrt å vera båt-turist i Uskedalen og Noreg, sa Jerzy Kostro frå Gdansk i Polen til uskedalen.no etter at han hadde lagt til og betalt for seg i båthamna no i helga**

Han kom siglande med yachten Tesia, som han har bygd sjølv i hagen og som har gjeve han mange gode opplevingar på fleire hav. Denne gongen hadde han med familien Fitt (Rafal, Marysia og Krystyna).

Jerzy samanlikna med Kroatia-kysten som grunnlag for sin påstand. Der må han betala frå 30 euro og oppover for å liggja eit døgn, medan den tilsvarande prisen i Uskedalen viste seg å vera omtrent 12 euro.

- Og så er det mykje vakrere her enn i Kroatia, sa Rafal og slog ut med handa mot Englafjell, sjølv om fjellet var innhilla i eit tåketeppe.
- Men matvarene er dyre i Noreg...
- Jau, men vi har med oss det meste av det vi treng, svara Jerzy og peika på skutesida.

Dette er fjerde gongen han er på segltur i Noreg og Rafal er heller ikkje nokon debut-turist i norske fjordar. Han har vore så langt nord som til Svalbard. Jerzy var her første gongen så tidleg som i 1961 og kom att i 1965, men den gongen var han med ein annan båt som hadde vore så langt av gårde som til Antarktis. Den tredje Norgesturen, i 2002, gjekk også med Tesia.

Denne gongen var reiseruta Gdansk-København-Skagen-Stavanger-Sognefjorden-Hardangerfjorden.

- Eg har høyrte så mykje positivt om Sunndal og det er målet vårt i Hardanger, sa Jerzy.
- Kvifor havna du då i Uskedalen?
- Vi hadde god tid og så var det så vakkert her då vi kom innover søndag. Vi kunne ikkje anna enn å leggja til!
- Er du kanskje skipper av yrke?
- Slett ikkje, eg er elektrikar. Dei kan alt, ler Jerzy.

Av Ola Matti Mathisen